



## STRØ- OG BRØYTEINSTRUKS VOSS HERAD 2020 – 2024

### Sesong

Sesongen regulerer kontraktar og beredskap. Strøing og brøyting vert normalt ikkje utført utanfor sesongen. Det er sett fylgjande sesongar for strøing og brøyting:

SESONG	Rodar lågare enn 200 moh	Rodar der heile eller delar er høgare enn 200 moh
BRØYTING	1. desember - 31. mars	1. november - 31. mars
STRØING	1. november - 31. mars	1. oktober - 31. mars

\* ved påske i april gjeld sesongen til og med påske. Det vert ikkje utbetalt beredskap for tillegget.

Ved særlege tilfelle kan Voss herad beordre tenester utanom sesongen.

### Brøyteinstruks

Det offentlege kommunale vegnettet skal normalt haldast rydda for snø i ei slik utstrekning at normalt godt utrusta køyretøy kan ferdast sikkert der dei måtta ha trong for det.

Ved vanskelege vêrtilhøve, særleg ved skifte til mildvêr, kan det likevel førekomme vanskelege køyretilhøve og avvik.

BRØYTEINSTRUKS 2020 - 2024/25	Skal vere rydda kl.	Start brøyting ved snødjupn		Gjennombrøyt innan snødjupn	
		Turr snø	Våt snø	Turr snø	Våt snø
Samleveg, gater og busstrasear	0630-0630** (0800 - 0800* ' **)	12 cm	8 cm	25 cm	25 cm
Tilkomstveg	0630-2300 (0800 - 2300*)	15 cm	10 cm	25 cm	25 cm
Fortau, gang og sykkelveg	0630-2300 (0800 - 2300*)	15 cm	10 cm	25 cm	25 cm
Private vegar og anna etter avtale	0630-2300 (0800 h-dag*)	15 cm	10 cm	25 cm	25 cm

\* Tider i parentes gjeld alle heilag dagar og sundagar jf kalenderen (alle raude dagar)

\*\* Gjeld ved snøfall gjennom natta og som varar ved til neste døger.

- Ved trong for prioritering skal vegklassane prioriterast frå øvst til nedst i tabellen. Elles skal alle vegane på roden gjennombrøytast etter den mest effektive ruta.
- Dersom berre delar av roden krev snøbrøyting etter instruks, skal berre denne delen brøytast.
- Ved vêromslag til regn skal ein vurderer å avgrensa brøyteaktiviteten. Det skal ikkje utan avtale brøytast bort våt snø som avdekkjer ein farleg snø/isssole som krev strøing straks etter.
- Ved melding om tungt/ langvarig snøfall kan ein vurderer å starta snøbrøyting før 12/15cm.
- Snøbrøytinga skal elles skje i samråd med vedkomande vegvaktar.
- Bommar på G/S skal stå opne i brøytesesongen.

### Måling av snødjupn

Snødjupn skal målast ved å legge ein 1,5 m lang rettholt vinkelrett på køyretreninga, kor som helst i køyrebana. Rettholten skal trykkast ned til vegdekket eller til fast snø-isssole.

Dersom snødjupna er større enn kravet langs meir enn halve rettholten skal det brøytast.